

## Referat: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag (NFØA), Rådsmøte 1/22

Dato: 09.03.2022, klokka 09.00 – 11.00.

Stad: Zoom

RFF/Fagskolen Viken	Fredrik Rene Hæren (leder)
Fagforbundet	Trond Finstad (nestleder)
Økonomiforbundet	Rune Martinsen
Klynge/Norsk senter for sirkulærøkonomi	Natalia Mathisen
YS/Delta	Einar Hanisch
FFF/Norges Fagakademi	Venke Schei
FFF/NKI fagskoler	Kirsten Saga
FFF/Fagskolen Kristiania	Kari Bjørnaas
FFF/Folkeuniversitetets fagskole	Wenche Fonneland
Fagforbundet	Henriette Eia Erdal
ONF	Henning Skau

Fråfall: Tord Hauge (NHO), Johnny Solheim Thomassen (Virke/Asko), Pål Christian Hannevig (YS/Negotia), Lyra Lluka (LO/Fagforbundet),

Møteleiar: Fredrik Rene Hæren

Referent: Linda Kjosaas (HK-dir)

Gjester:

Sak O-2/22: Kjerstin Bruvold Klokkeide, HK-dir

Sak O-5/22: Tone Vold, Høyskolen Innlandet

### Faste saker

Møteinnkalling godkjent.

Saksliste godkjent med følgende endringer: sak om digitalisering blir flyttet til før markedsføring.

Referat godkjent.

[D-1/22](#) Presentasjon av akkrediterte studietilbud frå NOKUT per oktober 2021 innan administrative og økonomiske fag.

Til: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag

Frå: AU

Dato: 16.02.22

Sak: [D-1/22](#)

Bakgrunn for saka

AU ynskjer å ha ein oppstartsdiskusjon rundt fagområda som ligg til rådet, samt ei mogleg oppretting av nasjonale planer for fagområdet.

Leiar presenterte lista over utdanningar som ligg til fagrådet. Nokre av leiarutdanningane er kategorisert under andre fagråds sitt domene, til dømes helse og teknisk. Behov for å arbeide meir med avgrensing. Som fagråd ønsker ein og å gi råd om utvikling av nye utdanningar. Til dømes ser ein i kommunal sektor behovet for ei sakshandsamarutdanning. Samstundes merka rein seg at utdanningar som går på innovasjon og entreprenørskap – er retta mot dei med høgare utdanning frå

høgskole og universitet, ikkje for fagutdanna. Norge ligg bak på dette området – som nevnt i en FAFO-rapport er fagarbeideren lite involvert i innovasjonsprosesser. NCCE er medlem av fagrådet og driv med sirkulær økonomi og innovasjon, eit prosjekt der ein arbeider med lokale bedrifter og ser korleis fagskolen kan bidra. Må jobbe tverrfagleg, og då treng ein tilsette med ei tverrfagleg utdanning. Ein må kunna både fag og innovasjon.

*Konklusjon:*

*Rådet må gjera seg opp ei mening i forhold til kva fag ein eventuelt hadde hatt behov for å utvikla nasjonale planer.*

O-2/22 Presentasjon av revisjonsarbeidet for Nasjonale Planer

Til: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag

Frå: AU

Dato: 16.02.22

Sak: [O-2/22](#)

**Bakgrunn for saka**

AU har bedt HK-dir og medlem av styringsgruppa for revisjon av fagplanar, Gry Ulvedalen, om å koma og presentera arbeidet som er gjort til no, og kva planar som står att.

Referat:

KBK informerte om arbeidet med revisjon av nasjonale planer for helse og oppvekstfag og tekniske fag. (Presentasjon ligg vedlagt i Teams).

Ønske om å sikre lik sluttkompetanse uavhengig av kvar ein geografisk befinner seg.

Overgangsordningar til universiteter og høyskoler. Om de skal være mulig å gjennomføre så må det være en viss samstemthet mellom dei ulike utdanningstilbydere.

Maritimt var diskutert som kandidat for nasjonale planar, men blei utelukka då dei har sitt eige Marcom-prosjekt/samarbeid.

Vedtatt å revidere 43 planer. Status for nasjonale planer i dag er at dei ikkje er juridisk bindande, medan ein studieplan og ein læreplan er. Nasjonale planer er rettleiande rammer som skal sikre eit einskapleg tilbod.

Spørsmål frå rådet om ein ikkje heller kunne nytte omgrepet retningslinjer i staden for plan?

Korleis vert ein nasjonal plan født? Helsedirektoratet har laga klare føringar. Ulikt korleis dei vert til.

RFF har heldt tråden i arbeidet gjennom fagskolen.info-sida – mesterbrevsordning, felles eksamenar, slik sektoren utviklar seg, er det behov for nasjonale planer i framtida? Sikre felles innhald i utdanningane med felles namn.

Studieplanar til akkrediterte studiar er meir oppdaterte enn nasjonale planer.

D-3/22 Korleis markedsføre fagrådet?

Til: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag

Frå: AU

Dato: 16.02.22

Sak: [D-3/22](#)

Diskusjon i AU angående korleis ein ynskjer å markedsføre seg som råd. Ynskjer å ta diskusjonen i fagrådet og lage ein strategi basert på innspela som kjem.

Ingen gitte midler til markesføring. I mandatet står det at vi skal kunne svare på spørsmål innen fagområdet, men for at det skal skje så må fagområdet kjenne til oss.

Forslag til måter å markedsføre rådet på:

Treffpunkter/fora? Vise seg fram, besøke skoler, medlemmene er viktige ambassadører. Ta med diskusjonen inn i neste møte.

Kan vi sende ut ein undersøking til næringsliv osv.? Felles infoplattform?

*Konklusjon:*

*Ta med diskusjonen inn i neste møte, og sende sak tilbake til Fagskolerådet om korleis ein ynskjer å marknadsføre fagråda.*

V-4/22      Fysisk rådsmøte, 2. mai.

Til: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag

Frå: AU

Dato: 16.02.22

Sak: [V-4/22](#)

AU ynskjer å forhøyre seg om moglegheita for å ha neste møte fysisk. Kvar organisasjon må dekke eventuelle reiseutgifter.

Fagrådet ynskte i utgangspunktet å ha fyrste møtet i 2022 fysisk, og Fagforbundet ville stille med lokale i Oslo. Dette tilbudet står ved lag. Diverre måtte møte 1/2022 avlysast grunna koronasituasjonen.

*Vedtak:*

*Møte 2/2022 den 4. mai vert halde fysisk i Oslo hos Fagforbundet. Kvar medlem/organisasjon dekker egne utgifter.*

O-5/22      Digital pedagogikk framover i fagskolen

Til: Nasjonalt fagråd for økonomiske og administrative fag

Frå:AU

Dato: 16.02.22

Sak: [O-5/22](#)

Tone Vold frå Høyskolen Innlandet infomerte om digitalisering innen fagområdet og utviklingen framover (Presentasjonen ligg vedlagt i Teams-kanalen)